

Krimforfatter Gunnar Staalesen kjem til Uskedalen 4. oktober.

20.08.2019



Krimforfatter Gunnar Staalesen kjem til Uskedalen fredag 4. oktober.

Krimforfatterane Gunnar Staalesen og Lasse Gallefoss og jazzgruppa BlueMen vil gje oss intens krimlitteratur og fengande musikk i Uskedalen 4.okt. frå kl.21. Gamal møter ung når krimforfatterane Gunnar Staalesen og Lasse Gallefoss møter kvarandre i Uskedalen til samtale og opplesing denne fredagen.

Gunnar Staalesen har i 2019 femtiårsjubileum som forfatter, og det er fantastisk at han tek noko av jubileumsfeiringa i Dønhaugkjellaren. Staalesen står fram som nestor i norsk kriminallitteratur, og gav ut *Rygg i rand, to i spann*, sin første kriminalroman, i 1975.



Lasse Gallefos, kjend frå fleire NRK seriar, vil presentera eige forfattarskap.

Gallefoss står i første rad mellom dei unge og lovande forfattarane og debuterte i 2018 med den kritikarroste krimromanen *Krigernes fred*.

Gunnar Staalesen er godt kjent for mange som forfatter og dramatiker. Han vart fødd i Bergen i 1947 og i ein alder av 22 år gav han ut sin første roman, *Uskyldstider* (1969). Staalesen er i første rekke kjend som kriminalforfatter og som far til Varg Veum.

Dei 22 bøkene om den karismatiske privatdetektiven, frå Bukken til havresekken i 1977 til Utenfor er hundene i 2018, er utgitt på 22 språk, mellom anna i Frankrike, England, Tyskland, Kina, Brasil og dei andre nordiske landa. Tolv av bøkene er filmatisert, - med skodespelaren Trond Espen Seim i hovudrolla som Varg.

Meir enn nokon annan vert Staalesen rekna som den som introduserte sosialrealismen i norsk kriminallitteratur. Han har i tillegg eit stort forfattarskap bak seg for scena, seinest med musikalen *Hellemyrsfolket* (2014) i samarbeid med komponisten Julian Berntzen.

Lasse Gallefoss står bak fleire seriar for NRK-Fjernsynet, mellom anna den prisbelønte *Flukt* frå 2017 og *Uro* frå 2019, begge med Leo Aikic som hovudperson og forteljar.

Forfattarane vil presentere eigne forfattarskap og kvarandre gjennom samtale, - Staalesen med hovudvekt på den lange serien om Varg Veum, Gallefoss tek utgangspunktet i bakgrunnen for boka si, om situasjonen der hemmelege agentar under krig plutseleg skal leve i fred, - og begge vil lese sentrale avsnitt frå bøkene sine.

BlueMen er samansett av 5 musikarar, Stig Klette (gitar), Per Bråtnun (bass), Ole Bjarte Røssland (trommer), Tore Hartvig Christensen (munnspele) og Josè Zaragoza (trompet), og dei rammer inn kvelden med musikalsk introduksjon og jazzinspirert solo- og gruppespel utover kvelden.

Det vert høve til å kjøpe bøker frå begge forfattarane og få dei signerte på Dønhaug.

Ein billett kostar kr. 300,-

Dei som ønskjer å førehandstinga billetter til ein kriminell kveld på Dønhaug, kan ringja 97040153 (Magne Huglen) eller 48891464 (Vidar Haugland), eller kjøpe på Spar Uskedalen, Kvinnherad Libris på Husnes eller Rosendal Bokhandel .

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal